«Norsk litteraturhistorie. 2. utgave» (764 sider)
Veiledende pris: 549,- kroner
Universitetsforlaget 2012



Fantasyserie på nynorsk

Hordalendingen Asbjørn Rydland har suksess med ein bokserie om drakeguten Koll, i ei verd der magien nesten er forsvunnen. Særleg unge lesarar kan ha glede av å bli kjent med guten som får krefter og gode råd frå nordavinden.

Sidan årtusenskiftet har fantasysjangeren stått svært sterkt blant dei eldste gutane på mellomtrinnet, først med filmane frå fantasiverda til J.R.R. Tolkien, seinare med bokserier av J.K. Rowlings, Rick Riordan og Christopher Paolini. Hausten 2012 kjem truleg mykje til å handle om filmatiseringa av *Hobbiten*. For elevane på ungdomstrinnet kan det vere ein fin opptakt til filmpremieren i desember å fordjupe seg i norske forsøk på fantasysjangeren.

Mest i vinden akkurat no er Asbjørn Rydland, nynorskforfattar på Det Norske Samlaget. I april delte Noregs Mållag ut Nynorsk barnelitteraturpris for 2011 nettopp til Rydland, og juryen meinte at Rydland «gjennom eit poetisk språk skildrar store mytologiar og små detaljar som til saman skaper eit levande og truverdig univers».

Miljø med middelalderpreg

Handlinga er lagt til ei verd som liknar mykje på vår eigen. I starten av bokserien er elementa frå fantasyllitteraturen lite til stades, for drakane lever ikkje meir, og det er lite magi i kvardagen til Koll. Guten lever aleine saman med far sin og er ikkje klar over dei kreftene som bur i han. Koll mista mor si etter eit åtak frå dei vonde kreftene. Akkurat som i Harry Potter ofra mora livet for at helten skulle få leve.


Når Koll veks opp, er han mange gonger irritert på faren som ikkje er glad i kamplivet, og konflikten mellom far og son er noko av det som driv handlinga vidare. Ein rein fiende har Koll i jamaldringen Seir, som i den første boka mobbar og plagar Koll så fort han får sjansen. Tilhøva mellom figurane endrar seg med tida, så det som i starten kan verke som eit litt enkelt persongalleri, tek seg fint opp.

Språkføringa er ein av dei store styrkane til Rydland. Teksten er lett forståeleg, men ordbruken er variert og dreg lesaren inn i historia. Lærarar som ønskjer at tolv-tretten år gamle gutar skal lese meir nynorsk, har med drakeguten Koll fått noko å lokke med.

Under Leselystaksjonen 2011 var *Drakeguten* ei av fem bøker som alle sjettede- og sjuandeklassingane i landet kunne be om å få tilsendt. Med andre ord er det sannsynleg at mange elevar kjenner godt til drakeguten Koll. Bok nummer tre, *Mørkemanaren*, kjem hausten 2012. Etterpå kjem to til!

Asbjørn Rydland:
«Drakeguten» (399 sider)
«Med eld i hjartet» (309 sider)

Rettleiande pris: 279,- kroner
Det Norske Samlaget 2010/2011



Språkrådet med nynorskoffensiv

Den nye rettskrivinga for nynorsk tredde i kraft 1. august 2012. Språkrådet sender ut informasjonsbrosjyrar til skulane, inviterer til skoleringskurs og opnar heilt nye nettkurs.

Mykje skryt fortener nettstaden der lærarar, elevar og alle andre nynorskbrukarar kan lære om og terpe på dei nye nynorskreglane. Språkrådet kallar nettstaden for eit øvingsrom med fire delar: kartleggingstest, øvingar, øvingsrekkjer og minigrammatikk. (Test ut på www.sprakrad.no.)

Kartleggingstesten styrer kva for nokre oppgåver du vil få seinare. Greier du mange av dei vanskelege øvingsoppgåvene, vil du få meir av same slaget å bryne deg på. Slit du med enkelte øvingstypar, vil du automatisk få litt enklare oppgåver.

Øvingane er sorterte innanfor seks hovudtema: substantiv, verb, adjektiv, samsvarsbøying, pronomen/determinativ og bokmål/nynorsk. Alle øvingane har tre vanskegradar.

Øvingane til Språkrådet er først og fremst mynta på elevar på vidaregåande skule, og på statstilsette nynorskbrukarar. Det er likevel ingenting i vegen for at også ungdomsskuleelevar skal leike seg i øvingsrommet. Den store

fordelen er at elevane får respons rett etter at dei har trykt på svar-knappen, og det er ingen som heng over skuldrene deira og peiker på feil. Dessutan verkar oppgåvene varierte, og layouten er lett og stilig.

Kurs i hovudstaden – og elles

Torsdag 13. september og måndag 24. september held Språkrådet opne kurs i Oslo for alle som ønskjer ei innføring i den nye rettskrivinga. Språkrådet tilbyr samlingar også andre stader i landet og ønskjer at skular tar og andre offentleg tilsette tar kontakt. Kontaktopplysningar finst på nettsidene til Språkrådet.

I tillegg har Språkrådet lagt ut på nettet ein brosjyre om rettskrivingsreforma. Hovudpunkta i den nye rettskrivinga er at skiljet mellom hovudformer og sideformer går ut, og at bøyingsverket blir enklare enn før. I reforma er det lagt vekt på å ta vare på former som er i allmenn bruk blant nynorskbrukarane.

Fagbokforlaget et Samlaget Utdanning

Det Norske Samlaget gir opp skulebokmarknaden, sjølv om nettopp skulebøker har vore eit av flaggskipa til det stolte nynorskforlaget. Heile avdelinga er kjøpt opp av Fagbokforlaget, med hovudsete i Bergen. På barnetrinnet har *God i ord* vore eit av dei mest populære norskverka. På ungdomstrinnet har *Neon*-serien kapra brukarar til Samlaget, men er likevel som ein veslebror samanlikna med *Frå saga til CD*, som Fagbokforlaget allereie har i porteføljen.

Gamal rettskriving gjeld til 2014 ...

Den nye nynorskrettskrivinga tok til å gjelde frå august 2012, men Utdanningsdirektoratet gir elevar og lærarar god til avlæring. Til eksamenane i grunnopplæringa skal bruk av former frå den gamle rettskrivinga (som gjaldt fram til juli 2012) ikkje reknast som feil. Nynorskordboka på nettet (www.nob-ordbok.uio.no) er oppdatert, men forlaga er enno ikkje klare med dei nye nynorskordlistene i papirformat.

Nysgjerrigpers språkpris til barneskule i Skåbu

Fleire enn hundre skuleklassar har konkurrert om kven som har forska best i årets Nysgjerrigper-konkurranse. Elevane i 1.–7. klasse ved Skåbu oppvekst i Oppland vann med prosjektet «Kåffår ha Skåbu-dialekta forandra seg?». Elevane testa mellom anna kor ofte folk i ulike aldersgrupper brukte daglegdagse dialektord. Forskningsrapporten er tilgjengeleg frå nettstaden nysgjerrigper. Kanskje noko for dei elevane som skal fordjupe seg i eit språkleg tema?



Maksimal poengsum: 20 poeng

Følg denne regelen: Bruk «han» i staden for «den» når pronomenet viser tilbake til eit substantiv i hankjønn, og «ho»/«henne» når det viser tilbake til eit substantiv i hokjønn.

1. «Du må passe deg for løva! _____ kan bite deg av deg armene.»
2. Ved Liertoppen bygde dei ein brakkeby. _____ skulle huse 200 menneske.
3. I biletkanten såg dei ein snabel. _____ var fylt med 15 liter vatn ...
4. I skuffa låg ein ny diktafon. _____ var litt større enn mobiltelefonen.
5. Då eg fann bursdagsgåva, plukka eg _____ opp og rista litt.
6. Eg var stolt av bustadblokka mi. _____ var høgare enn alle andre hus!
7. På toppen låg ein alvestein. _____ var heilag for slekta mi.
8. Nazistane fann aldri tollekniven. _____ låg gøymt inni torsken.
9. Flinke Fredrik gav laus på oppgåva og løyste _____ på under minuttet.
10. Else mista fortanna si. Ho la _____ ned i eit glas fylt med vatn.
11. Tjuven fann fotoveksa. Heldigvis inneheldt _____ også ein GPS-sendar.
12. Då femkroningen datt ned på bakken, var Enja rask med å plukke _____ opp.
13. «_____ held nok mål, planen din,» sa Benny til Egon Olsen.
14. Gulrota låg der, frisk og forlokkande. Ja, eg hadde lyst til å ete _____ opp.
15. Trampolinen stod ute under stormen, så _____ fór av garde i vindkasta.
16. Sommaren begynte på sett og vis i veke 32, og _____ var over i veke 33 ...
17. «_____ varmar godt, lua di, men rosafargen likar eg ikkje,» smilte Tim.
18. Hunden var lydig nok, men diverre fekk _____ aldri beskjed om å halde kjeft.
19. Den griske guten greip tak i blautkaka og åt _____ heil. Så stor var kjeften hans.
20. «Det var jo eg som laga kjerringknuten, men eg greidde ikkje å få _____ opp!»

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 24

FRÅ ENGELSK TIL NYNORSK 1

Maksimal poengsum: 20 poeng

Nedanfor ser du setningar på engelsk. Set dei utheva eigennamna om til nynorsk.

1. **Norway** has a total area of 385,252 square kilometres. _____
2. **Russia** slaps ban on alcohol advertising in media. _____
3. **Germany** remains a leading member of the EU. _____
4. Woodworking has long been a traditional industry in **Estonia**. _____
5. An old saying is: «Everything is beautiful in **Florence**.» _____
6. **Gothenburg** is Sweden`s chief seaport and second largest city. _____
7. The favorite sport in **Mexico City** is soccer. _____
8. **The Olympic Games** were held only in the summer until 1924. _____
9. The cornerstone of **The White House** was laid in 1792. _____
10. **The Forbidden City** in Beijing was built from 1406 to 1420. _____
11. The members of **The House of Commons** are elected. _____
12. **Harald Hairfair** (850–933) was the first king of Norway. _____
13. In 1098 **Magnus Barefoot** left with 5000 men to Orkney. _____
14. **Haakon the Broadshouldered** (15) was killed in Romsdalen. _____
15. **Christopher Columbus** landed in the New World by accident. _____
16. **Henry VIII** was one of England`s least popular monarchs. _____
17. **Winnie-the-Pooh** is a good-natured, honey-loving bear. _____
18. **Sirius Black** is the last heir to the House of Black. _____
19. **Albus Dumbledore** usually spoke in a calm, pleasant voice. _____
20. **Bilbo Baggins** adopted Frodo and made him his heir. _____

Eg har gjennomført testen ○ med hjelpemiddel ○ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 25

FRÅ ENGELSK TIL NYNORSK 2

Maksimal poengsum: 20 poeng

Nedanfor ser du setningar på engelsk. Set dei utheva eigennamna om til nynorsk.


1. **The North Cape** is the northernmost point in Europe. _____
2. There are about 400,000 ethnic Poles living in **Belarus**. _____
3. **Austria** is a small, mountainous country in Central Europe. _____
4. **South Africa** has three capitals: Pretoria, Cape Town and B... _____
5. Italian police have arrested 16 judges near the city of **Naples**. _____
6. Ståle Solbakken was sacked by **Cologne**. _____
7. **Guatemala City** was rebuilt after earthquakes in 1917-18. _____
8. In ancient times, **Baghdad** was an tiny village. _____
9. **The Red Army** marches again. _____
10. **The Security Council** of UN has 15 members. _____
11. **Harald Bluetooth** was son of Gorm the Old, a Danish king. _____
12. **Eric Bloodaxe** was possibly the last king of Northumbria. _____
13. In 1161 **Inge the Hunchback** was defeated and killed near Oslo. _____
14. **Gjest Baardsen** was a Norwegian outlaw and jail-breaker. _____
15. Richard I (1157-1199) was known as **Richard the Lionheart**. _____
16. James II of England was also known as **James VII** of Scotland. _____
17. **Goofy** is a close friend of Mickey Mouse and Donald Duck. _____
18. Who was the father of Harry Potter? **James Potter!** _____
19. In the end **Neville Longbottom** attacks Voldemort. _____
20. **The Little Mermaid** has become the symbol of Copenhagen. _____

Eg har gjennomført testen ○ med hjelpemiddel ○ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



NONSENSORD – VERB

Maksimal poengsum: 20 poeng

Dei 20 svake verba nedanfor finst enno ikkje – dei er nonsensord. Bruk orda likevel, og pass på at du følgjer bøyingsmønstrer for a-verb og e-verb på nynorsk.

1. å hunde* (a-verb) Sasha var intelligent, så i går _____ ho lett fram til svaret.
2. å sledde* (a-verb) Dei nye tømrrarane bråker og _____ meir enn godt er.
3. å lørge* (a-verb) No har gjestene til naboen _____ for siste gong!
4. å famse* (e-verb) Svein, _____ du innom når du er i nabolaget?
5. å trile* (e-verb) Kjøpmannen har _____ kundane sine ved å opne klokka ti.
6. å smøpe* (e-verb) For ein time sidan _____ frekkasen mattelæraren sin.
7. å taltikle* (a-verb) Småfuglane syng og _____ om morgonen.
8. å fnuske* (a-verb) Dei elleve spelarane hadde _____ linjedommaren.
9. å ålpe* (e-verb) På vegen tilbake såg eg ei kvinne som _____ graset.
10. å seke* (e-verb) Det var i førre veke at snigelen _____ alt vatnet i hagen.
11. å vonke* (a-verb) Rafael Nadal _____ fælt då ballen spratt i nettet.
12. å klytre* (a-verb) Då kameratane las avisene, _____ Ali i kroken sin.
13. å hampe* (e-verb) Journalisten smiskar og _____ med meg dagen lang.
14. å prase* (e-verb) Partiet Høgre har _____ mykje på partibarometeret.
15. å skolse* (a-verb) Om du hadde _____ deg litt før, hadde alt vore betre!
16. å røsse* (e-verb) Den gamle mannen står og _____ sykkelstyret ditt!
17. å kærge* (a-verb) _____ du den nye eleven i går, Sofie?
18. å nøske* (a-verb) «Eg _____ han lett om han dukkar opp», påstod Jens.
19. å kjutle* (a-verb) Tenåringane _____ seg vel og kom fram før tida.
20. å forge* (e-verb) Advokaten kjasa og masa, banna og _____.

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 28

SETNINGAR MED PERFEKTUM

Maksimal poengsum: 20 poeng

Skriv inn verba i perfektum.

1. bu Skuleeleven hadde _____ på asylmottak halve livet.
2. hoppe Johan Remen Evensen har _____ 246,5 meter i Vikersund.
3. lyge Du har vel aldri _____ om kvifor du ikkje har gjort leksene?
4. tenkje Eg hatar høg musikk, så eg har ikkje _____ å kome på festen din!
5. liggje I sju netter har eg _____ i senga og drøymt om brøddeig.
6. gi For meg har det alltid _____ meining å samle på navlelo.
7. arbeide Thea hadde _____ saman med far sin, og det var ho stolt av.
8. brenne «Eg er redd eg har _____ alle bruene til heimstaden min,» sa Ola.
9. brenne Bresenteret ved Nigardsbreen har _____ ned!
10. velje Eg har _____ å bli snikkar, og det kjem eg aldri, aldri til å angre på!
11. vinne Ho Kari har nok litt for ofte _____ fram med ideane sine ...
12. ete Oscar (15) hadde _____ av brødiskiva då han oppdaga larva.
13. lese Eg skal late som eg ikkje har _____ brevet og gi det til mamma.
14. sjå Jentene var deppa, for dei hadde ikkje _____ snurten av Justin Bieber.
15. hjelpe Det er rein løgn at artikkelen om karma har _____ meg vidare i livet!
16. sitje Spelaren som var sikta for kampfiksing, hadde _____ to timar i avhøyr.
17. vere Sorry, men livet mitt har _____ eit stort kaos dei siste månadene.
18. stoppe Kunstnaren har _____ ut katten og gjort han om til eit helikopter!
19. skjere Diverre har mange born _____ seg på glasbrot på strendene.
20. falle Ingen av orda mine har _____ på steingrunn, sa RLE-læraren.

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



GENITIVSUTTRYKK

Maksimal poengsum: 20 poeng

Skriv genitivsuttrykka (bokmål) om til preposisjonsfrasar eller samansette ord (nynorsk).

SKRIV OM VED HJELP
AV PREPOSISJONAR

- | | |
|---------------------------|-------------------------------|
| 1. Skolens vaktmester | <i>Vaktmeisteren på</i> _____ |
| 2. Byens innbyggere | _____ |
| 3. Klubbens spillere | _____ |
| 4. Guttens hårlokker | _____ |
| 5. Postbudets enke | _____ |
| 6. Ap`s talskvinne | _____ |
| 7. SAS` ungdomsbilletter | _____ |
| 8. Tarjei Vesaas` romaner | _____ |
| 9. Marius` bestemødre | _____ |
| 10. Elgens spor | _____ |

SKRIV OM
TIL EITT ORD

- | | |
|----------------------------|-------|
| 11. Hotellets eier | _____ |
| 12. Bilens fører | _____ |
| 13. Kongens datter | _____ |
| 14. Elvens leie | _____ |
| 15. Styrets vedtak | _____ |
| 16. Husets farge | _____ |
| 17. Skulens administrasjon | _____ |
| 18. Elevenes medvirkning | _____ |
| 19. Bokens rygg | _____ |
| 20. Kjøleskapets dør | _____ |

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 30

SAMSVARSBØYING

Maksimal poengsum: 20 poeng

Skriv inn rett ending. Hugs på at nynorsk har samsvarsbøying både av adjektiv og perfektum partisipp – ikkje berre av adjektiv som på bokmål!


1. Dei fire gislane vart berga, men den eine mannen blei skot_____ i foten.
2. Det er berre eit tidsspørsmål før dei nedgrav_____ dieseltankane blir oppdaga.
3. «Tekstane er skriv_____ av fagfolk!» forsikrar den nytilsette kontorsjefen.
4. Anders fekk boka om morgonen og reiste seg ikkje før ho var utles_____.
5. Svelene var ferdig påsmur_____ då gjestene frå Austlandet storma inn døra.
6. Nokre av syklistane på Rallarvegen blir tal_____ to gonger, trur statistikaren.
7. Fangane blei døm_____ til straffearbeid i nikkelgruvane i Norilsk.
8. Det blei ein brutal slutt på sommararbeidet for søya som blei påkøyr_____.
9. Då elvane på austsida vart utbyg_____, slutta ordføraren å skryte av upåverka natur.
10. «Arbeidet er vel utfør_____!» smilte onkelen og klaska ein tusenlapp i bordet.
11. Foreldremøtet var eit velkom_____ høve til å diskutere dei altfor gode karakterane.
12. «Alle er hjarteleg velkom_____ til å feire bursdagen til tvillingane mine,» sa faren.
13. Skadane etter det førre innbrotet var ikkje reparert_____ då tjuvane slo til på nytt.
14. Eg vedgår at eg heilt sikkert er like bund_____ til dei, som dei er til meg.
15. Dagen etter stilte han på kontoret med åtte reinskrev_____ kåseri og sju lange dikt.
16. «Kom til meg,» seier skomakaren, «i alle fall om du har ein utslit_____ sko.»
17. Lærarane vil ikkje bli siter_____ på at dei er sterkt kritiske til nytilsetjinga.
18. Familien får utsikt til dei planlag_____ vindmøllene gjennom stovevindaugget.
19. Det innkjøp_____ Flax-loddet gav storgevinst, og det visste alle i familien ...
20. Avisa blei les_____ grundig kvar kveld, anten på toalettet eller ein annan stille stad.

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 31

FEILFINNING OG FEILRETTING 2

Maksimal poengsum: 20 poeng

Setningane nedanfor inneheld til saman ord med 20 feil. Når du finn ein feil, set du strek over ordet og skriv heile det riktige ordet på riktig måte rett ovanfor:

interessant

altfor

Det var ei ~~intresang~~ avslutning dei hadde planlagt, men dei hadde tenkt ~~alt for~~ lite på veret.

1. Ho ønsket å fotografere opprørande framfor regjeringskvartalet.
2. Eg bøygde meg fram for og sjå henne betre, og eg spurde henne om kva ho heit.
3. Dei byrja å små prate om dei tre grisungane som eg hadde funnet bak låven.
4. Det var missnøye med at popartisten ikkje synte seg før klokken ni om kvelden.
5. Elevane på første benk sat seg ned så alle kunne få sjå dom.
6. «Kven var det som hoiet og skreik?» Spurde den nysgjerrige bestemora.
7. Han var dypt forelska, så han tenkje på å be henne med på ei ostepølse eller to.
8. Eg fan svært mykje informasjon om tv titting i arkivet til Bergens Tidende.
9. Man kunne høyre brøling heilt ut på gata, får vindauga var vidopne.
10. Kunne det vere mogleg at NASA hadde jukset med månelandingen?

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 32

FRÅ SVENSK SONG TIL NYNORSK 1

Maksimal poengsum: 20 poeng

Set om dei utheva orda til nynorsk. Hugs på riktig form!

1. I natt jag drömde **något** som jag aldrig drömt förut. _____
2. Pappa, kom **hem!** För vi lengtar efter dej! _____
3. Du gamla, du fria, du **fjällhöga** nord, du glädjerika sköna! _____
4. Främling, vad **döljer** du för mig i dina mörka ögon? _____
5. När trollmor har lagt de **elva** små trollen og bundit fast dem ... _____
6. **Lilla**, vackra Anna om du vill, hörer dig mitt hela hjärta till. _____
7. Vem kan segla förutan vind, **vem** kan ro utan åror? _____
8. Kärleken kommer och **kärleken** går, ingen kan tyda dess lagar. _____
9. Flickan i Havana hon har ingen pengar **kvar**. _____
10. Kan **ni** skicka mera pengar? _____
11. ... vildrosor och **blåsippor** och lindblommor och kamomill ... _____
12. Varje gång du tar av **dej** skorna, så medge att det känns skönt. _____
13. **Somliga** går med trasiga skor. Säj, vad beror det på? _____
14. Felicia försvann, kan någon säga **hur**? _____
15. Jag vill leva i Europa, jag vil älska **och** sjunga här. _____
16. Jag tror, jag **tror** på sommaren. Jag tror, jag tror på sol igen. _____
17. Det **började** som en skakning på nedre däck. _____
18. Jeg **trivs** bäst i öppna landskap, nära havet vill jeg bo. _____
19. Och gumman hon tog sig ett **igelkottaskinn** ... _____
20. ... och alla vassa taggarna vände **hon** inn. _____

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 33

FRÅ SVENSK SONG TIL NYNORSK 2

Maksimal poengsum: 20 poeng

Set om dei utheva orda til nynorsk. Hugs på riktig form!

1. Vem vet? Inte du. Vem vet. Inte jag. Vi vet ingenting **nu**. _____
2. Det var det vackraste mötet första **gången** jag mötte hans hud. _____
3. Hon har ett sätt att **säja** «mhmm», jag inte trodde fanns. _____
4. **Vad** vet du om månljuset? _____
5. Vi kommer alltid att leva. Vi kommer **aldrig** att dö. _____
6. Bussen går halv nio, men den brukar vara **sen**. _____
7. Himlen er oskyldigt blå, som **ögon** när barnen är små. _____
8. **Tunnelbanan** slutar där vi bor och i mitt fönster sitter jag. _____
9. Jag undrade vad som rörde sig i hans **huvud** då. _____
10. För länge **sen** när jag fyllde fyra år, fick jag en gåva av min far. _____
11. Det sjunger **några** ungar på Karl Johan. _____
12. Så länge **skutan** kan gå, så länge hjärtat kan slå. _____
13. Jag är en av **dom** som slavar på Kung Keops pyramid. _____
14. Mors lilla Olle i skogen **gick**, rosor på kind og solsken i blick. _____
15. Du käre lille snickerbo`, här kommer **jag** igen. _____
16. Vargen ylar i nattens skog, han vill men kan **inte** sova. _____
17. Jag **gör** så att blommorna blommar, jag gör hela kohagen grön _____
18. Bä, bä, **vita** lamm, har du någon ull? _____
19. Små grodorna, små **grodorna**, är lustiga att se. _____
20. Kalla den **Änglamarken** eller Himmlajorden om du vill. _____

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 34

FRÅ DANSKE DIKT TIL NYNORSK

Maksimal poengsum: 20 poeng

Set om dei utheva orda til nynorsk. Hugs på riktig form!

1. Du skal ikke tro, du er **noget**. _____
2. Du skal ikke **tro**, at du er like så meget som os. _____
3. Du skal ikke tro, at du er **klogere** end os. _____
4. Du skal ikke bilde dig ind, at du er **bedre** end os. _____
5. Du skal ikke tro, at du **ved** mere end os. _____
6. Du skal ikke tro, at du **duer** til noget. _____
7. Du skal **ikke** le ad os. _____
8. Du skal ikke tro, at **nogen** bryder sig om dig. _____
9. Det kom som et **chok** da hun forlod meg. _____
10. Du er så tavs, hvad tænker du på? Hvad **gemmer** dit hjerte? _____
11. Sang under **brusebad**. Hun må vist være glad. _____
12. Jeg lider av selvhad. Gid **jeg** var en smule selvglad. _____
13. Jeg blev ikke det, I ventede. Jeg blev alt det, I hadde **frygtet**. _____
14. Han giver os intet tilbage, **andet** end sorg og skuffelse. _____
15. Tatoveringen er **grim**, jeg siger den er pæn. _____
16. Ting falder ned fra himlen: radioer, pilleglas, aviser, **sæbe**. _____
17. **Mellem** to tårn går en ung mand på en udspændt line. _____
18. Dybt i coma **sover** asfalten dækket af blå sne. _____
19. Sproget har **fuglekasser** i munden i dag. _____
20. Du griber mikrofonen **lørdag** og bærer nag. _____

Eg har gjennomført testen ☐ med hjelpemiddel ☐ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Test i nynorsk grammatikk og rettskriving 35

FRÅ DANSK TIL NYNORSK 2

Maksimal poengsum: 20 poeng

Set om dei utheva orda til nynorsk. Hugs på riktig form!

1. Børn, der dyrker sport, har behov for **meget** energi. _____
2. **At** bruge sociale medier på arbejdet kan koste dig jobbet. _____
3. **Upload ikke** alle billederne fra gårsdagens fest. _____
4. Brug ikke det samme **password** til alt. _____
5. Bliv ikke ven med **chefen** på Facebook. _____
6. Man bør ikke fortælle på Facebook at **man** skal på ferie. _____
7. Alex Ferguson **kaster** penge efter 19-årigt supertalent fra Brasilien. _____
8. 180 danske **landmænd** blev i 2011 dømt for vold mot svin. _____
9. Spanske brandmænd **smider** tøjet i protest mot nedskæringer. _____
10. Forskere vækker 500 **millioner** år gammel bakterie til live. _____
11. Mens hans forældre **lå** og sov, legede toåringen på rækværket. _____
12. En angrebslysten gråsæl **bed** seg fast i armen på en roer. _____
13. Svenske skattejegere har **fundet** et mystisk objekt på havets bund. _____
14. Nogen mener, det er en forulykket **flyvende** tallerken. _____
15. Foran objektet kan man **se** et 300 meter langt ar eller glidespor. _____
16. Trætte **dommere** dømmer hårdt. _____
17. Lige efter en pause var **chansen** for å bli prøveløsladt 65 %. _____
18. Herefter **faldt** Chancen til 0. Mønstret vise sig hos alle dommere. _____
19. Fra hele verden strømmer mennesker til Beograd for at skifte **køn**. _____
20. **Vesterhavet** avgænses mot øst av det europæiske fastland. _____

Eg har gjennomført testen ○ med hjelpemiddel ○ utan hjelpemiddel

NAMN OG KLASSE

DATO

POENG



Person fra Norden eller fra Skandinavia

Person som leder fellesbønnen i islam

Person utenom det vanlige, en som bidrar med godt humør

Person som er med på å omsette alkohol eller narkotika ulovlig

Svært energisk person

Person som bedømmer eksamensprestasjonene til en elev

Dum person

Person med høyere utdanning, gjerne fra universitet

Respektert eller karismatisk person med stor innflytelse på et bestemt område

Person som har sykelig trang til å snakke usant

Person som noen tar til fange og truer med å drepe eller skade

Person som uttaler seg på vegne av andre

Person som gjerne vil slåss

From, asketisk person; person som etter sin død er erklært hellig

Person som leser mange bøker


Av de 16 ordene nedenfor er bare 15 løsningsord. Hvilket ord blir til overs?

**AKADEMIKER
BOKORM
ENERGIBUNT
FARGEKLATT**

**GISSEL
GURU
HELGEN
HYKLER**


HØNSEHJERNE
IMAM
KAMPHANE
LANGER

LYSTLØGNER
NORDBOER
SENSOR
TALERØR



Av de 16 ordene nedenfor er bare 15 løsningsord. Hvilket ord blir til overs?

PARASITT
REBELL
SNAUSKALLE
ULYKKESFUGL



KVA KALLAR VI EIN PERSON SOM ... ?



NØKKELOORD



Person som kjem etter dei andre,
som ventar med å gjere noko

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Offentleg klagar i ei straffesak,
motparten til forsvararen

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Grisk person

Person som har til yrke
å torturere og avrette andre

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Ein svært upraktisk person

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

A-menneske

Person som ein ikkje kan
vite om det er noka hjelp i

Person som står i spissen for noko

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Person som jobbar
mykje og lenge

Person som er usjølvisk; person som
arbeider for det han eller ho trur på

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Person som tek over noko han
ikkje eig, til dømes eit hus

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Person som døyr for ei sak eller for ei tru;
person som framstår som eit uskuldig offer

Spinkel, tynn person

Person som uroar seg svært mykje
og som lett seg vippe av pinnen

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Person som har slått seg ned
på ein ubygd stad og bygd hus

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Av dei 16 orda nedanfor er berre 15 løysingsord. Kva for eit ord blir til overs?

AKTOR
ARBEIDSJARN
BØDDEL
ETTERNØLAR

ERTEKROK
FRONTFIGUR
GRIBB
IDEALIST

JOKER
KLØNE
MARTYR
MORGONFUGL

NERVEVRAK
NYBYGGJAR
OKKUPANT
SPJÆLING

FASITSIDER



Nynorsktest 23: Pronomen 2 – side 15

- | | |
|-----------|-----------|
| 1. Ho | 11. ho |
| 2. Han | 12. han |
| 3. Han | 13. Han |
| 4. Han | 14. henne |
| 5. henne | 15. han |
| 6. Ho | 16. han |
| 7. Han | 17. Ho |
| 8. Han | 18. han |
| 9. henne | 19. henne |
| 10. henne | 20. han |

Nynorsktest 24: Frå engelsk til nynorsk 1 – side 16

1. Noreg (ikkje Norge)
2. Russland
3. Tyskland
4. Estland
5. Firenze
6. Göteborg (med svensk ö)
7. Mexico by (ikkje «city», då er det eventuelt riktigare med «Ciudad de México»!)
8. Dei olympiske leikane (OG på engelsk, OS på svensk)
9. Det kvite huset (dobbel bestemming på nynorsk)
10. Den forbodne byen (dobbel bestemming på nynorsk)
11. Underhuset
12. Harald Hårfagre (to store bokstavar)
13. Magnus Berrføtt (to store bokstavar)
14. Håkon Herdebrei (to store bokstavar)
15. Kristoffer Columbus (nokre vil det ha til at han eigentleg heitte Kristoffer Bonde og var frå Nordfjord)
16. Henrik VIII
17. Ole Brumm
18. Sirius Svaart (frå *Harry Potter*-universet)
19. Albus Humlesnurr (frå *Harry Potter*-universet)
20. Bilbo Lommelun, før Bilbo Sekker (frå *Ringenes Herre*)

Nynorsktest 25: Frå engelsk til nynorsk 2 – side 17

1. Nordkapp
2. Kvite-Russland (kviterussarane likar best det engelske namnet, for dei vil ikkje bli oppfatta som eit vedheng til Russland)
3. Austerrike (litt artig med like startbokstavar på engelsk og nynorsk, ein gong har nok den engelske uttalen vore meir som på Vestlandet)
4. Sør-Afrika (alltid stor bokstav i samansette ord av denne typen - også Fattig-Noreg og Fotball-Afrika)
5. Napoli
6. Köln («eau de cologne» = «Köln-vatn»)
7. Guatemala by (ikkje «city», då er det eventuelt riktigare med «Ciudad de Guatemala»!)
8. Bagdad
9. Den raude armeen (dobbel bestemming på nynorsk)
10. Tryggingrådet (i FN, «Sikkerhetsrådet» på bokmål)
11. Harald Blåtann («Harald Blåtand» på dansk, det er han som har gitt namnet til bluetooth-teknologien, så det er bakvendt å snakke om noko anna enn blåtann-teknologi i Noreg)
12. Eirik Blodøks
13. Inge Krokrygg
14. Gjest Bårdsen
15. Rikard Løvehjarte
16. Jakob VII
17. Langbein (frå *Donald Duck*-universet)
18. Jakob Potter (som med James/Jakob i nummer 16)
19. Neville Langballe (frå *Harry Potter*-universet. Her kan ein nemne at omsetjaren var litt uheldig då han omsette «the snitch» til «snoppen», for på norsk er snoppen er eit slanguttrykk for det mannlege kjønnsorganet. «Gullsnoppen» blir endå rarare ...)
20. Den vesle havfrua (frå *H.C. Andersen*-eventyret)

Sjå elles «Historiske navn» på www.sprakrad.no

Nynorsktest 26: Nonsensord (substantiv) – side 18

- | | |
|-------------|----------------|
| 1. glundane | 11. ynkreinen |
| 2. sventene | 12. salomarane |
| 3. plautar | 13. låmpa |
| 4. fønus | 14. paleraet |
| 5. spøya | 15. svompen |
| 6. viffet | 16. pluskinga |
| 7. tåløyga | 17. fasariet |
| 8. klankane | 18. klautene |
| 9. spittene | 19. PLP-ane |
| 10. blurb | 20. brogga |

Nynorsktest 27: Nonsensord (verb) – side 19

- | | |
|--------------|------------|
| 1. hunda | 11. vonka |
| 2. sledder | 12. klytra |
| 3. lørge | 13. hamper |
| 4. famser | 14. prast |
| 5. trilt | 15. skolsa |
| 6. smøpte | 16. røsser |
| 7. taltiklar | 17. Kærga |
| 8. fnuska | 18. nøskar |
| 9. ålpte | 19. kjutla |
| 10. sekte | 20. forga |

Nynorsktest 28: Setningar med perfektum – side 20

- | | |
|-----------|------------|
| 1. budd | 11. vunne |
| 2. hoppa | 12. ete |
| 3. loge | 13. lese |
| 4. tenkt | 14. sett |
| 5. lege | 15. hjelpt |
| 6. gitt | 16. sete |
| 7. arbeid | 17. vore |
| 8. brent | 18. stoppa |
| 9. brunne | 19. skore |
| 10. valt | 20. falle |

Nynorsktest 29: Genitivsuttrykk – side 21

1. Vaktmeisteren på skulen
2. Innbyggjarane i byen
3. Spelarane i klubben
4. Hårlokkane til guten
5. Enka etter postbodet
6. Talskvinna til Ap
7. Ungdomsbillettane til SAS
8. Romanane til Tarjei Vesaas
9. Bestemødrene til Marius
10. Spora etter elgen
11. Hotelleigaren
12. Bilføraren (OBS: Sjøfør er ein yrkestittel!)
13. Kongsdottera
14. Elveleiet
15. Styrevedtaket
16. Husfargen
17. Skuleadministrasjonen
18. Elevmedverkinga
19. Bokryggen
20. Kjølleskapsdøra

Nynorsktest 30: Samsvarbøying – side 22

- | | |
|--------------|-----------------|
| 1. skoten | 11. velkome |
| 2. nedgravne | 12. velkomne |
| 3. skrivne | 13. reparerte |
| 4. utlesen | 14. bunden |
| 5. påsmurde | 15. reinskrivne |
| 6. talde | 16. utsliten |
| 7. dømde | 17. siterte |
| 8. påkøyrt | 18. planlagde |
| 9. utbygde | 19. innkjøpte |
| 10. utført | 20. lesen |

Nynorsktest 31: Feilfinning og feilretting 2 – side 23

Forslag til poenggiving:

- **Gi eitt plusspoeng** for kvart gale ord som eleven greier å rette til noko riktig.
- **Gi null poeng** når eleven rettar noko som er riktig til noko anna som er riktig, eller når eleven rettar noko som er gale, til noko anna som er gale.
- **Gi eitt minuspoeng** når eleven rettar noko som er riktig til noko som er gale.

1. ønsket > ønskte, opprørande > opprørane
2. for og sjå > for å sjå, heit > heitte

3. små prate > småprate, funnet > funne
4. missnøye > misnøye, klokken > klokka
5. sat > sette, dom > dei
6. hoiet > hoia, Spurde > spurde
7. dypt > djupt, tenkje > tenkte
8. fan > fann, tv titting > tv-titting
9. Man > Ein, får > for
10. jukset > juksa, månelandingen > månelandinga

Nynorsktest 32: Frå svensk song 1 – side 24

- | | |
|---------------|-------------------|
| 1. noko | 11. blåveis |
| 2. heim | 12. deg |
| 3. fjellhøge | 13. Somme/Nokre |
| 4. skjuler | 14. korleis |
| 5. elleve | 15. og |
| 6. Vesle | 16. trur |
| 7. kven | 17. byrja/begynte |
| 8. kjærleiken | 18. trivst |
| 9. att/igjen | 19. piggsvinskinn |
| 10. de/dokker | 20. ho |

Nynorsktest 33: Frå svensk song 2 – side 25

- | | |
|------------|-------------------|
| 1. no | 11. nokre |
| 2. gongen | 12. skuta |
| 3. seie | 13. dei |
| 4. Kva | 14. gjekk |
| 5. aldri | 15. eg |
| 6. sein | 16. ikkje |
| 7. auge | 17. gjer |
| 8. T-banen | 18. vesle (kvite) |
| 9. hovud | 19. froskane |
| 10. sidan | 20. Englemarka |

Nynorsktest 34: Frå danske dikt til nynorsk – side 26

- | | |
|------------|-----------------|
| 1. noko | 11. dusj |
| 2. tru | 12. eg |
| 3. klokare | 13. frykta |
| 4. betre | 14. anna |
| 5. veit | 15. stygg |
| 6. duger | 16. såpe |
| 7. ikkje | 17. Mellom |
| 8. nokon | 18. søv |
| 9. sjokk | 19. fuglekasser |
| 10. gøymer | 20. laurdag |

Nynorsktest 35: Frå dansk til nynorsk 2 – side 27

- | | |
|----------------------------|---------------|
| 1. mykje | 11. låg |
| 2. Å | 12. beit |
| 3. Last ikkje opp | 13. funne |
| 4. passord | 14. flygande |
| 5. sjefen | 15. sjå |
| 6. ein | 16. dommarar |
| 7. kastar | 17. sjansen |
| 8. bønder | 18. fall |
| 9. kastar (kler seg nakne) | 19. kjønn |
| 10. millionar | 20. Nordsjøen |


Personkryss 7 (bokmål) – side 28

Overflødig ord: HYKLER




Personkryss 8 (nynorsk) – side 29

Overflødig ord: LATHANS




Personkryss 9 (bokmål) – side 30

Overflødig ord: BENKESLITER




Personkryss 10 (nynorsk) – side 31

Overflødig ord: ERTEKROK



Personkryss 11 (bokmål) – side 32

Overflødig ord: SKRIKHALS



NORSKnytt

Norsknytt nummer 1-2012

Violer

*Ak, jeg har digtet saa mangen en dag
siden mit digt om dig!
Der er om mit hjerte saa tunge lag
at ingenting minder mig!*

*Violerne, Annie, jeg sendte saa nær,
har i en bok jeg gjemt.
Den var gjennem onde aar mig kjær,
til boken og alt blev glemt.*

*Og jeg som i ungdommen, solberust,
svælget i lykkens svir,
har sittet i mange aar og knust
blomster imot papir!*

*Saa hændte det, da jeg tok ned en kveld
et bind av de graa reoler,
at boken gik yndig op av sig selv
ved vaare forladte violer!*

*En drømmende tone av falmet blaafarvet
Vidnet i bladets skimmel,
At aldrig har blekere blomster staat
Under en hardere himmel*

— — —

*Du døde veninde! En klar viol
gir visselig minders skjælven,
men resten er borte: Den store sol,
vor deilige gang langs elven,*

*vort møte i skogen, den første gunst,
de svimlende sammenkomster!
Aa, hadde jeg bare forstaat den kunst,
at balsamere blomster!*

Olaf Bull (1883–1933)